



Opp med stillas: Birger Legland nede, Trond Myklebust og Øyvind Sture oppe. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mange har gjennom åra gjort ein dugnadsinnsats for storstova i bygda, som var Helgheim før vi fekk Aktivitetshuset. Mange dugnadstimer er lagd ned til felles beste. Men Helgheim har framleis ei viktig rolle å spela som møtestad for yngre og eldre og ungdomslaget tek no eit stort løft med opprusting av huset. Torsdag kveld kunne husstyreleiar og dugnadsbas Audun Eik notera 30 nye dugnadstimar.

Åtte møtte fram for å ta eit tak. Det kunne vore fleir, men dei som kom gjorde ein heilhjarta innsats. Dette er nokre av arbeidsoppgåvene dei hadde:



Pussar dør 2: Ungdomslagsleiar Thomas Eide. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Listing av vindauger
- Foring av vinduskarmane
- Skraping og oljing av ytterdører
- Skraping av maling utvendig
- Legging av plater i gangen, der det skal koma belegg oppå.



Pussar dør 1: Husstyreleiar og dugnadsbas Audun Eik og Edvin Kjærland (lettare kamuflert). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Målsettinga er at Helgheim skal vera i nokonlunde presentabel stand til 17. mai og bryllupet som er tillyst to dagar seinare.

Men det vil ikkje vera nok med ein dugnadskveld til for å nå det målet, for det står mellom anna att legging av belegget i gangen, maling utvendig og pussing og lakking av golvet i salen.

Men mye er allereie gjort, ikkje minst i fjor da situasjonen var heller prekær. Då tetta dei taket etter ein lekkasje som truleg hadde vara i atskillige år og enno står det truleg att noko takarbeid. Takreparasjonen var ein ein stor og krevjande jobb. Det synte seg at lekter og reker var så dårlege at over halvparten av taket over inngangen mot 'Hansenhuset' måtte skiftast. I 2006 vart det halde tilsaman 11 dugnadar og lagt ned 600 dugnadstimar. Dei fleste av dugnadane var på dagtid.

På denne sida av årsskiftet har lokalet fått nye vindauge som er til forveksling lik dei gamle. Innsettinga av dei var også ein dugnadsjobb.

Det nye elanlegget er også i ferd med å koma på plass.

Dei som måtta ha venta at Helgheim no skal få ein ny farge etter å ha vore raud i mange år, vil bli skuffa. Huset vil få tilnærma samme fargen, men det kan skaffast prov på at huset har hatt minst ein annan farge sidan det vart reist i 1934.

Men sjøl om dugnadsinnsatsen er stor, er restaureringa likevel eit stort økonomisk løft for laget. Det har vore nødvendig å låne 100.000 kroner og så langt har kommunen gjeve eit tilskot på 50.000 kroner. Men det er grunn til å håpa at det ikkje stoppar med den summen.

Av Ola Matti Mathisen



Jan Øvstebø tilpassar det som skal vera foring rundt vindauga. (Foto: Ola Matti Mathisen)